



NVE
Noregs vassdrags-
og energidirektorat

EVINY FORNYBAR AS
Postboks 7050
5020 BERGEN

Vår dato: 30.06.2023

Vår ref.: 202220466-13 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.: 10228968-01-LARK-RAP-DML

Randi Holme, 99 21 51 22/
rho@nve.no

Tverrelvi kraftverk -Eviny Fornybar AS - Godkjenning av detaljplan for miljø og landskap - Voss herad

Vi viser til søknaden dykkar om godkjenning av detaljplan for miljø og landskap for Tverrelvi kraftverk.

Vedtak

NVE godkjenner detaljplan for miljø og landskap datert 31.03.2023 for bygging av Tverrelvi kraftverk i Voss herad.

Vilkår for godkjenninga

- De skal orientere oss om dato for oppstart av anleggsarbeidet seinast 7 dagar før planlagt start. Vi skal og orienterast ved viktige eller kritiske fasar i anleggsarbeidet.
- Det skal gjennomførast avbøtande tiltak i anleggsfasen for å hindre at sprengstein rasar ut i elva.
- Omløpsventilen skal testast for å sikre at han fungerer etter føremålet før kraftverket vert sett i drift.
- Vi skal godkjenne utkast til opplysningsskilt og føreslått plassering. Skilta skal tilfredsstille krava våre til informasjon for allmennheita.
- Det skal utarbeidast ein sluttrapport for miljø og landskap som skal sendast til NVE innan eitt år etter at anlegget er sett i drift. Rapporten skal dokumentere at anlegget er bygd i samsvar med konsesjon, godkjend detaljplan, føresetnader og eventuelle endringar som er godkjent i løpet av byggeprosessen. [Lekkje til mal](#).
- Seinast ein månad etter at kraftverket er sett i drift, skal de sende inn melding om dette til oss på skjema som ligg på vår heimeside (<https://www.nve.no/om-nve/skjema-og-rapporteringsordninger/>).

Detaljplan for miljø og landskap må vere i samsvar med dei vilkår og føresetnader som går fram av konsesjon og departementet sine merknader datert 01.03.2019. Vi kan krevje fleire detaljar for alle delar av tiltaket. Slike planar skal godkjennast av oss før arbeida vert sette i gang.

Godkjenninga har heimel i konsesjonen datert 01.03.2019 post 4 og 10.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: www.nve.no
Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971



Tilsyn

NVE vil følgje opp anlegget med inspeksjon.

Anlegget er både for planlegging, bygging og drift underlagt krav om internkontroll etter forskrift om internkontroll etter vassdragslovgevinga (FOR 2011-10-28 nr. 1058 IK-vassdrag). Det er konsesjonæren sitt heile og fulle ansvar å utarbeide eit internkontrollsystem både for byggje og driftsfasen. Vi føreset at dette vert følgd opp av EVINY Fornyar AS, og at internkontrollsystem vert implementert både for byggje- og driftsfasen.

Vår handsaming av søknaden

NVE var på synfaring i anleggsområdet 10.11.2022, og vi mottok endeleg detaljplan 24.04.2023. I dei nedste 450 meterane av Tverrelvi er der rekruttering av laks og sjøaure. I OED sine merknader til vilkåra er det ein føresetnad at kraftstasjonen skal plasserast som skildra i konsesjonssøknaden med avløp oppstraums anadrom strekkje. Det er sett vilkår om slepp av minstevassføring og installering av omløpsventil i kraftstasjonen.

Detaljplanen vart sendt på høyring 10.05.2023 til Voss herad, Statsforvaltaren i Vestland og Vestland fylkeskommune. Frist for å gi fråsegn var 07.06.2023.

Detaljplanen

Dam og inntak skal byggjast på kote 355, og vassvegen skal gravast ned i grøft heilt ned til kraftstasjonen som vert bygd på kote 53. Deler av vassvegen vil følgje eksisterande veg til Steine. I dei partia han ikkje følgjer vegen, skal røyrgata gå gjennom blandingsskog. Traséen for vassvegen er til dels svært sidebratt ned mot elva.

Tomta for kraftstasjonsbygninga og trasé for tilkomstvegen til kraftstasjonen skal byggjast i svært sidebratt terreng. Det skal installerast ein omløpsventil med ein kapasitet på 50% av maksimal slukeevne. Detaljplanen skildrar tiltak for å hindre at sprengstein rasar ned i elva under anleggsarbeidet.

Det vert etablert mellombelse rigg- og lagerområde og område for permanent lagring av overskotsmassar frå røyrtaséen.

Tverrelvi er lakseførande på dei nedste 450 meterane før utløpet i Vosso. Det er utarbeidd eit eige notat som vedlegg til detaljplanen der anadrom strekkje er kartlagt og ei forenkla konsekvensvurdering av kraftstasjonen si plassering og anleggsfasen som skal gjennomførast. Der er det opplyst at for laks er Tverrelvi truleg viktigare som oppvekstområde for ungfisk enn som gyteområde. Det er ikkje utelukka at sjøaure kan gyte i Tverrelvi, men då i avgrensa omfang.

Fråsegner

Statsforvaltaren ga fråsegn til detaljplanen i brev datert 07.06.2023. I fråsegna står det:

«Vi legg generelt til grunn at nye inngrep i naturmiljø og dyrka mark skal avgrensast så langt som råd, at alle tiltak får best mogleg landskapstilpassing, og at området blir stelt til etter moderne prinsipp. Det inneber bruk av lokale massar, lokalt plantemateriell og med naturlege førekomstar på staden som førebilete.



Det er omtalt i planen at det er registrert myr ved planlagt tiltak, men at det vil bli teke omsyn til denne. Vi legg då til grunn at det ikkje vil bli gjort inngrep som reduserer myra som karbonlager, eller verdien for naturmiljøet.

Det er planlagt fleire massedeponi, og vi er usikre på om desse har blitt kartlagde og vurderte i konsesjonsprosessen. Konsesjonssøknaden for Tverrelvi kraftverk inngjekk i eit større prosjekt med vidareutbygging av Evanger kraftverk, og vi har berre funne at eit planlagt deponi i Mokedalen, lenger oppe i nedslagsfeltet, er vurdert. Det ligg ikkje inne spesielle naturverdiar i naturdatabasane for dei no planlagde areala, men det kan altså skuldast manglande kartlegging.

Vegtilkomsten til kraftstasjonen kjem i eit bratt terreng, og må følgjast godt opp i byggjefasen. I inntaksområdet ville det vore ein føremon for naturmiljøet om eksisterande veg kunne nyttast, men den planlagde tilkomsten frå Bjørgås til Steinsvegen allereie er godkjent.

Flyttinga av kraftstasjonsavløpet er gjort i tråd med den fiskebiologiske vurderinga, for å hindre laks og sjøaure i å vandre inn i avløpet. Vi konstaterer elles at det er planlagt omløpsventil og inntaksløysing som skal hindre gassovermetting av avløpsvatnet, i tråd med føringar i konsesjonen.

Anleggsarbeidet og masseplassering i bratt terreng kan forureine elva nedstraums, og det er risiko for å skade laks og sjøaure i Vosso, som er nasjonal lakseelv. Tiltakshavar må difor søkje Statsforvaltaren om utsleppsløyve etter forureiningslova.

Vi legg til grunn at stein- og jordmassar blir handtert i tråd med regelverket slik det går fram av Miljødirektoratets veileder M-1243. Alle massar skal vurderast etter ressurspyramiden, og at det må vurderast samfunnsnyttig bruk før det eventuelt blir planlagt deponering. Vi minner om at eventuelt betongavfall skal handterast i tråd med kap. 14 A i avfallsforskrifta.

Vi legg til grunn at tekniske installasjonar blir plasserte slik at dei er mest mogleg verna mot skred og flaum, for å unngå skade på både personar og materielle verdiar».

Etter at Statsforvaltaren ga fråsegna si har EVINY Fornybar bede om ei avklaring av forholdet til forureiningslova. I brev frå statsforvaltaren datert 22.06.2023 er det gjort ei ny vurdering av dette og konkludert med at tiltaket ikkje krev løyve etter forureiningslova. Statsforvaltaren minner samstundes om at tiltakshavar har eit sjølvstendig ansvar for at tiltaket ikkje fører til forureining som er i strid med § 7 i forureiningslova.

Vestland fylkeskommune ga fråsegn til detaljplanen i brev datert 07.06.2023.

Fylkeskommunen skriv: «Vestland fylkeskommune viser til høyring av detaljplan for bygging av Tverrelvi kraftverk. Saka har vore til handsaming hjå kulturminnevernet i samband med planlegging av tiltak. Me har gjort ei kulturminnekartlegging våren 2022. Då vart areala for deponi er vurdert til å ha lite potensiale for funn. Våre merknader m.o.t. kulturminne er tatt med vidare. Vidare har fylkeskommunen ingen merknadar m.o.t. friluftsliv og vassmiljø».

Voss herad har ikkje gitt fråsegn til detaljplanen. Fråsegnene er sende til EVINY Fornybar til kommentar.



Vurderingar av fråsegnar

Statsforvaltaren peikar på at samfunnsnyttig bruk av massar bør vurderast før dei vert lagra permanent jamfør Miljødirektoratet sin rettleiar M-1243. Etter NVE si vurdering vil det vere positivt dersom overskotsmassar kan nyttast til samfunnsnyttige føremål fram for å bli lagra permanent. Det er opplyst i detaljplanen av overskotsmassar skal nyttast til heving av landbruksareal. Vi viser og til EVINY Fornybar sitt svar på fråsegnene datert 26.06.2023 der dette er stadfesta. Etter NVE si vurdering er dette å sjå som samfunnsmessig bruk av overskotsmassar, og vurderer innspelet som etterlevd. Vi legg til grunn at heving av landbruksareala er avklarte med Voss herad.

Ut over dette vurderer vi forholda som er tekne opp i fråsegnene som avklarte.

Grunngjeving for særskilde godkjenningvilkår

Av omsyn til anadrom fisk er det sett vilkår i konsesjonen om å installere ein omløpsventil i kraftverket. Det er sentralt at ventilen fungerer etter føremålet og at han vert programmert og drifta slik at fisk ikkje strandar. Omløpsventilen må tilpassast forholda lokalt. Med bakgrunn i dette er det sett vilkår om at omløpsventilen skal testast før anlegget vert sett i drift, slik at ein sikrar at han fungere etter føremålet. Vi minner i tillegg om at grunnlaget for styring av omløpsventilen skal kunne dokumenterast på førespurnad. Vi viser til NVE sitt faktaark om omløpsventilar: [faktaark2016_07.pdf \(nve.no\)](#). og FOU-rapport om Styringssystem for omløpsventilar: [Ekstern rapport \(nve.no\)](#)

Kraftstasjonen og tilkomstvegen til stasjonen skal byggjast i svært sidebratt terreng. Det kjem fram i detaljplanen at det vert gjennomført sprengingsarbeid i elva sitt nærområde. Det er presentert fleire avbøtande tiltak for å avgrense at sprengstein rasar ut i elva og desse er omtalt som tiltak som må vurderast. Etter NVE si vurdering og erfaring er deler av anleggsområdet svært utfordrande og potensialet for at sprengstein kan rase ut i elva er relativt stort. Særleg gjeld dette lokaliteten der kraftstasjonen og tilkomstvegen skal byggjast, men det gjeld og andre deler av traséen til vassvegen. Med bakgrunn i dette er det sett vilkår om at det skal gjennomførast avbøtande tiltak i anleggsfasen for å hindre at sprengstein rasar ut i elva. NVE vurderer dette som svært viktig i og med at Tverrelvi har anadrom strekkje i nedre del. NVE vil ha særleg fokus på dette i byggjefasen.

Vurdering av flaum og skredfare

I detaljplanen er det opplyst at prosjektområdet ikkje ligg innafor faresoner eller aktsemdsområde for flaum og skred. Det er gjennomført geotekniske observasjonar og vurderingar. NVE føreset at konsesjonæren gjer nødvendige vurderingar for å førebyggje og unngå skadar som følgje av flaum og skredfare både i anleggs- og driftsfasen.

Vurderingar etter naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova § 7 set krav om at alle myndigheiter som forvaltar eller tek avgjerder som har verknader for naturen, er plikta å vurdere tiltaka opp mot relevante reglar i lova.

Saka er nyleg opplyst gjennom konsesjonshandsaming, og der er naturmangfaldlova kapittel II vurdert. Desse er tilstrekkeleg oppdaterte og dekkande for godkjenning av detaljplanen. NVE har difor ikkje føreteke nye vurderingar av tiltaket som heilskap etter prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12. Vi viser til vurderingane i konsesjonsprosessen.



Vurdering av minstevassføringsarrangement, skilting og merking

Vi set krav til minstevassføringsarrangementet sin funksjon og godkjenner prinsippa for målemetode og løysing for slepp, men ikkje val av utstyr eller leverandør. Difor må de kunne dokumentere skriftleg for oss, at de har kalibrert og kontrollmålt utstyret. For slepp av minstevassføring målt direkte ved vassgjennomstrøyming i rør, er det sær s viktig at de sikrar at de oppfyller føresetnadene for at måleutstyret gir riktige verdiar. Dette gjeld særleg krav om rettstrekning på rør, fylt vassrør og laminær vasstraum.

Dersom det viser seg at godkjent arrangement for slepp og dokumentasjon av minstevassføring og omløpsventilen ikkje oppfyller krav som er sett i vassdragskonsesjonen, kan vi krevje ombygging, jf. vassressurslova § 59.

Allmennheita skal kunne kontrollere at pålagd minstevassføring er oppfylt. NVE rettleiar 3/2020 «Slipp, måling og dokumentasjon av minstevannføring» skildrar korleis dette kan løysast. Sjå mal for opplysningsskilt på nettsidene våre www.nve.no

Forhold som de må avklare før arbeida kan ta til

Plan- og bygningslova

De må avklare med kommunen om tiltaket må ha dispensasjon frå gjeldande arealplan. Dette fordi det må vere i samsvar med kommuneplanen sin arealdel og gjeldande reguleringsplanar. Dette gjeld sjølv om tiltaket har fått konsesjon, og dermed er unnateke frå byggesakshandsaming etter plan- og bygningslova, jf. forskrift om byggesak (FOR 2010-03-26-488 - byggesaksforskrifta) § 4-3 første ledd.

De må og syte for at tiltaket blir gjennomført i samsvar med plan- og bygningslova og tilhøyrande forskrifter. Dette gjeld særleg reglane i plan- og bygningslova om tekniske krav (§ 29-5), og krav til produkt til byggverk (§ 29-7) med tilhøyrande delar av byggteknisk forskrift. Desse gjeld så langt dei passar for tiltaket.

Forskrift om damsikkerheit

Vedtaket omfattar ikkje plan for sikkerheit ved vassdragsanlegg i konsekvensklasse 1 og høgare etter forskrift om damsikkerheit. Plan for sikkerheit (Teknisk plan) skal vere godkjent før de set i gang anleggsarbeida. Teknisk plan vart godkjend av NVE i vedtak datert 01.03.2023.

Naturførekomstar, landskapsområde og kulturminne

De må avklare verknadene av tiltaket i forhold til krava i post 3 om konsesjonæren sitt ansvar ved anlegg/drift og post 6 om kulturminne. Krava gjeld både i forkant av, og under anleggsperioden.

Private rettigheter

De må ha avklart alle nødvendige privatrettslege forhold før anleggsarbeida tek til.

Nødvendige godkjenningar etter anna lovverk

De må innhente nødvendige godkjenningar etter anna lovverk.

**Det skal sendast inn dokumentasjon til Voss herad når anlegget er ferdig bygd**

Når anlegget er ferdig bygd, skal de sende kartdata i eigna format med alle fysiske anlegg til heradet, slik at kartdata kan gjerast tilgjengeleg på ein enkel måte, jf. byggesaksforskrifta § 4-3 fjerde ledd.

Høve til å klage

De kan klage på vedtaket, sjå orientering om rett til å klage på siste side.

Med helsing

Kristian Markegård
direktør

Mari Hegg Gundersen
seksjonssjef

Dokumentet sendes utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar

Mottakarliste:

EVINY FORNYBAR AS

Kopimottakarliste:

TBD - Seksjon for damsikkerhet - Steinar Lund

Multiconsult ASA - Hilde B. Johnsborg

EVINY FORNYBAR AS - Gudmund Trætteberg

Sigve Næss

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

VESTLAND FYLKESKOMMUNE

VOSS HERAD

EKV - Seksjon for vannkraftkonsesjoner - Stein Wisthus Johansen

Erlend Tomren Sanden



Orientering om rett til å klage

Frist for å klage	Fristen for å klage på vedtaket er 3 veker frå den dagen vedtaket kom fram til deg. Dersom vedtaket ikkje har kome fram til deg, startar fristen å gå frå den dagen du fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket. Det er tilstrekkeleg at du postlegg klagen før fristen går ut. Klagen kan ikkje handsamast dersom det har gått meir enn 1 år sidan NVE fatta vedtaket.
Du kan få grunngjeving for vedtaket	Dersom du har fått eit vedtak utan grunngjeving, kan du be NVE om å få ei grunngjeving. Du må be om grunngjevinga før klagefristen går ut.
Kva skal med i klagen?	Klagen bør vere skriftleg. I klagen må du: • Skrive kva for vedtak du klagar på. • Skrive kva for eit resultat du ønsker. • Opplyse om du klagar innanfor fristen. • Underteikne klagen. Dersom du brukar ein fullmektig, kan fullmektigen underteikne klagen. I tillegg bør du grunngje klagen. Dette betyr at du bør forklare kvifor du meiner vedtaket er feil.
Du kan få sjå dokumenta i saka	Du har rett til å sjå dokumenta i saka, med mindre dokumenta er unnateke offentlegheit. Du kan ta kontakt med NVE for å få innsyn i saka.
Vilkår for å gå til domstolane	Dersom du meiner vedtaket er ugyldig, kan du gå til søksmål. Du kan berre gå til søksmål dersom du har klaga på vedtaket til NVE, og klagen er avgjort av OED som overordna forvaltingsmyndigheit. Du kan likevel gå til søksmål dersom det har gått 6 månader sidan du sende klagen, og det ikkje skuldast forsøming frå di side at klagen ikkje er avgjort.
Sakskostnader	Dersom NVE eller OED endrar vedtaket til din fordel, kan du søke om å få dekkja vesentlege og nødvendige kostnader. Du må søke om dette innan 3 veker etter at klagevedtaket kom fram til deg.
Kven kan klage på vedtaket?	Dersom du er part i saka, kan du klage på vedtaket. Du kan også klage på vedtaket dersom du har rettsleg klageinteresse i saka.
Kvar skal du sende klagen?	Du må adressere klagen til Olje- og energidepartementet (OED), men sende han til NVE. E-postadressa til NVE er: nve@nve.no. NVE vurderer om vedtaket skal endrast. Dersom NVE ikkje endrar vedtaket vil vi sende klagen til OED.

Denne forklaringa bygger på forvaltningslova sine reglar i §§ 11, 18, 19, 24, 27 b, 28, 29, 31, 32 og 36.